Saksliste
Fellesnemnd (FN)
Sandnes og Forsand

**Sted:** Kommunehuset, Forsand kommune
**Dato:** 16.11.17
**Tid:** 10.00-11.30

| Saker | | Tema | Ansvar |
|---|---|---|---|
| FN 19/17 | S | Godkjenning av innkalling og saksliste<br>Godkjenning av protokoll fra FN 05.10.17 | Ordfører Stanley Wirak |
| FN 20/17 | O | Nyhetsrunde – politiske og administrative oppdateringer | Ordførere og rådmenn<br>Prosjektleder |
| FN 21/17 | S | Omstillingsavtale | Organisasjonsdirektør Hilde Lofthus |
| FN 22/17 | O | Budsjett 2018 og Økonomiplan 2018-2021 Sandnes kommune | Rådmann Bodil Sivertsen |
| FN 23/17 | O | Budsjett 2018 og Økonomiplan 2018-2021 Forsand kommune | Rådmann Søren Jensen |
| FN 24/17 | O | Vedtak om lovlegkontroll i sak 96/17 Forsand kommunestyre frå Fylkesmannen | Rådmann Søren Jensen |
| FN 25/17 | O | Oversending om vedtak kommunenamn m.v. Forsand og Sandnes kommunar frå Fylkesmannen | Prosjektleder Therese Hauger |
| FN 26/17 | O | Utgreiing av justering av kommunegrensa Strand og Forsand kommunar frå Fylkesmannen | Rådmann Søren Jensen |
| | | Eventuelt | |

# Kommunesammenslåing Sandnes og Forsand - Fellesnemnda møte nr. 2 - 2017, den 05.10.2017.

## Protokoll

**Kl: 17.45-19.20** **Stad: Sandnes, Gamlaværket**

| | |
|---|---|
| **Til stades:** | **Forsand:** Nestleiar Bjarte Sveinsvoll Dagestad (ordførar H), Reidar Thu (Samlingslista), Udda Katrin Kjærvoll (Bygdalista), Ole Tom Guse (KRF), Tore Hans Mikkelson (SP)<br>**Sandnes:** Leiar Stanley Wirak (ordførar Ap), Thor Magne Seland (H), Pål Morten Borgli (varaordførar Frp), Annelin Tangen (AP), Tore Andreas Haaland (Frp), Sofie Margrethe Selvikvåg (Sp)/frå sak 15/17.<br><br>Prosjektleiar: Therese Hauger |
| **Forfall:** | Oddny Helen Turøy (Krf, Sandnes) |
| **I tillegg var til stades:** | Rådmennene: Søren Jensen og Bodil Sivertsen<br><br>Seniorrådgj. Sidsel Haugen (Sandnes komm.)<br>Linn Christin Rustøen (Økon, Sandnes komm.)<br>Ole Jørgen Alstadsæter (Kommunikasjon, Sandnes komm).<br>Organisasjonsdirektør Hilde Lofthus (Sandnes komm)<br>Kommuneadv. Rune Kanne (Sandnes komm.)<br>Tore Gunnar Sandve (rådgj. Sandnes komm.)<br><br>Leiar Stanley Wirak ønskte velkommen. |

| | |
|---|---|
| **FN 09/17** | **Godkjenning av innkalling og saksliste**<br>**Godkjenning av protokoll fra 29.08.2017**<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Innkalling og sakliste vart godkjent.<br><br>Protokoll frå møte den 29.08.2017 i Fellesnemnd vart godkjent. |

| | |
|---|---|
| **FN 10/17** | **NYHETSRUNDE – politiske og administrative oppdateringar**<br>- Leiar Stanley Wirak orienterte om at prosjektleiarstillinga. Denne er lyst ut på nytt.<br>- Ulike ferjeselskap har søkt om konsesjon for drift av Høgsfjordsambandet Lauvvik – Oanes. Drøfting av saka vart tatt opp under punkt Eventuelt på slutten av møtet.<br><br>- Nestleiar Bjarte Dagestad orienterte om status kring sambandsløysing Espedal – Frafjord.<br><br>Rådmann Bodil Sivertsen orienterte om den nyttige dialogen som går føre seg mellom aktuelle tjenesteområde i dei to kommunane.<br><br>Budsjettframlegg (kommunebudsjett) etter formannskapsbehandling (Forsand og Sandnes) vil bli lagde fram for FN til orientering før endeleg behandling i dei respektive kommune- og bystyra.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Tatt til orientering. |
| **FN 11/7** | **BUDSJETT 2017**<br><br>Prosjektleiar la fram forslag til budsjett 2017.<br>Orienterte om endring på art 1050 frå 375 000 til 440 000, gjeld frikjøp tillitsvalde. Frikjøp ressurs aukt med 20 % som då blir totalt 140 % stilling, ikkje 120 %. Aukt kostnad utgjer 65 000.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Fellesnemnda godkjenner budsjettet for 2017 i tråd med innstilling frå Partssamansett utval. |
| **FN 12/17** | **Mandatet for Fellesnemnda – tydeleggjering.**<br><br>**VEDTAK:**<br>Fellesnemnda tar saka til orientering.<br>Fellesnemnda ber dei to administrasjonane om å samarbeida om eit meir klargjerande reglement. |
| **FN 13/17** | **OPPNEMNING AV REPRESENTANT FRÅ FELLESNEMNDA TIL KYRKJELEG FELLESNEMND.**<br><br>Orientering ved prosjektleiar. |

| | |
|---|---|
| | Forslag frå Fellesnemnda om at Bjarte Dagestad representerer Fellesnemnda i Kyrkjeleg fellesnemnd.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Bjarte Dagestad vart vald til å representera Fellesnemnda i Kyrkjeleg fellesnemnd. |
| **FN 14/17** | **MØTEPLAN 2018**<br>Prosjektleiar la fram forslag til møteplan for Fellesnemnda i 2018.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Fellesnemnda godkjente møteplanen. |
| **FN 15/17** | **AVKLARING AV HABILITETSREGLAR FOR FELLESNEMNDA**<br>Kommuneadvokat Kanne orienterte om formulering i Kommunelova som gjeld habilitet. Dette vil også gjelda for eit organ som FN.<br><br>Det påkviler kvar enkelt representant å vurdera eigen habilitet og i tvilstilfelle ta opp dette spørsmålet med partileiinga si ev leiar av FN. Prosjektleiar konferer med kommuneadvokaten ved behov.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Fellesnemnda tok saka til orientering. |
| **FN 16/17** | **PROTOKOLL FRÅ FELLES KOMMUNESTYREMØTE FORSAND OG SANDNES.**<br>Prosjektleiar Therese Hauger la fram protokollen for FN.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Fellesnemnda tok saka til orientering. |
| **FN 17/17** | **FRAMDRIFT VALG AV REVISOR FOR FELLESNEMNDA**<br>Prosjektleiar orienterte om aktuelt revisjonsfirma. Frist for avklaring er 1. nov.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Fellesnemnda tok saka til orientering. |
| **FN 18/17** | **ORIENTERINGSSAK – STATUS FORMELLE RAMMER FOR HÅNDTERING AV VA OG ELVERK**<br>Leiar Stanley Wirak opplyste innleiande at spørsmåla som gjeld vann/avlaup vert handsama av ordførarane og rådmennene. |

| | |
|---|---|
| | Seniorrådgjevar Sidsel Haugen orienterte om status/endringar i energilova frå 01.01.2021 og kva moglege konsekvensar dette kan ha for den nye kommunen. Mykje er uavklart, men eiga forskrift vil koma. Sak vil bli tatt opp på eit seinare tidspunkt.<br><br>**VEDTAK:**<br><br>Fellesnemnda tok saka til orientering. |
| | **EVENTUELT.**<br><br>1) Nyleg kontakt frå Fylkesmann (til Sandnes kommune) vedgåande spørsmål om behovet (i form av trafikkanalyse) for ferjedrift over Høgsfjorden. Ved ev ny og formell førespurnad vil FN ta opp saka og gje samla svar for begge kommunane.<br>2) Kommunikasjonsrådgjevar Ole Jørgen Alstadsæter presenterte førebels versjon av nettside (internet) for den nye kommunen. |

Sandnes, den 06.10.2017

Stanley Wirak
Leiar Fellesnemnda

Forsand, den 06.10.2017

Bjarte Sveinsvoll Dagestad
Nestleiar Fellesnemnda

Protokollførar:
Tore Gunnar Sandve
Rådgjevar

FN 21/17
Fellesnemnda
16.11.17

## Omstillingsavtale for arbeidet med opprettelsen av Nye Sandnes Kommune

### Bakgrunn

I henhold til vedtatt prinsippdokument skal fellesnemda og de 6 tillitsvalgte som til sammen utgjør partssammensatt utvalg (PSU), behandle spørsmål om omstillingsavtale. Fellesnemda for Nye Sandnes har i sitt reglement fått presisert sitt ansvar for omstillingsdokumenter for sammenslåingsprosessen.

### Saken gjelder

Omstillingsavtale for arbeidet med opprettelsen av Nye Sandnes.

### Utarbeidelse

Arbeidsgiversiden og arbeidstakersiden i de to kommunene har deltatt i arbeidet med omstillingsavtalen.

Omstillingsavtalen er behandlet i samarbeidsforum 01.11.17 (Sandnes kommune) og i møte med hovedtillitsvalgte 25.10.17 (Forsand kommune).

### Formål

Avtalen sitt formål er å:

- gi nærmere retningslinjer for hvordan omstillingsprosessen skal gjennomføres for å sikre en ryddig og forutsigbar prosess
- skape felles plattform for organisering
- medvirke til at den enkelte ansatt har trygghet i arbeidsforholdet under omstillingsarbeidet
- avklare hvilke prosedyrer og prinsipp som skal gjelde i prosessperioden

### Periode

Avtalen vil gjelde fra den vedtas og frem til og med 31.12.2019. Det vil bli utarbeidet ny omstillingsavtale for nye Sandnes som vil gjelde fra og med 01.01.2020.

For omstillingsprosesser i de to kommunene i prosessperioden som ikke er et resultat av sammenslåingen, benyttes de to kommunenes allerede gjeldende rutiner.

***Innstilling til vedtak:***

Omstillingsavtale mellom arbeidsgiver og ansatte i kommunene Forsand og Sandnes vedtas.

# OMSTILLINGSAVTALE

MELLOM ARBEIDSGIVER OG ANSATTE I
KOMMUNENE FORSAND OG SANDNES

# Innhold


1. Generelt ........ 2

1.1 Avtalens parter ........ 2

1.2 Formål og virkeområde ........ 2

2. Medbestemmelse og informasjon ........ 2

2.1 Medbestemmelse og medinnflytelse ........ 2

2.2 Informasjon ........ 2

2.3.Identifisering av ansatte som blir direkte berørt og har behov for spesiell informasjon. ........ 2

3. Virksomhetsoverdragelse/organisasjonsstruktur/overtallighet ........ 3

3.1 Virksomhetsoverdragelse ........ 3

3.2 Organisasjonsstruktur ........ 3

3.3 Fast ansatte som er midlertidig ansatt i annen avdeling ........ 3

3.4 Overtallighet ........ 3

3.5 Fortrinnsrett/rettskrav ........ 3

3.6 Tjenesteansiennitet. ........ 4

3.7 Nye stillinger ........ 4

3.8 Skifte av arbeidsplass ........ 4

3.9 Kompetansetiltak ........ 4

4. Ansettelse av ledere / håndtering av ledige nøkkel-/lederstillinger ........ 4

4.1 Behandling av ledige stillinger ........ 4

4.2 Ansettelse av ledere i nye Sandnes kommune ........ 4

4.3 Midlertidige ansettelser ........ 5

5. Konkurranseutsetting ........ 5

6. Særavtaler ........ 5

7. Avtalens virketid ........ 5

# 1. Generelt

## 1.1 Avtalens parter

Denne omstillingsavtalen er inngått mellom Fellesnemda for Forsand og Sandnes kommuner på den ene siden og arbeidstakerorganisasjonene i Forsand og Sandnes kommuner på den andre siden.

## 1.2 Formål og virkeområde

Omstillingsarbeidet skal gjennomføres i samsvar med de forpliktelser partene har etter arbeidsmiljøloven, hovedavtalen, hovedtariffavtalen og andre overordnede føringer.

Arbeidstakeres rettigheter ved virksomhetsoverdragelse i hht. arbeidsmiljølovens kap. 16 legges til grunn ved sammenslåing av Forsand og Sandnes kommuner.

Avtalen gjelder omstillingsprosessen med sammenslåing av de to kommunene. For omstillingsprosesser i de to kommunene i perioden som ikke er et resultat av sammenslåingen, benyttes de to kommunenes allerede gjeldende rutiner.

Avtalen sitt formål er å:

- ✓ gi nærmere retningslinjer for hvordan omstillingsprosessen skal gjennomføres for å sikre en ryddig og forutsigbar prosess
- ✓ skape felles plattform for organisering
- ✓ medvirke til at den enkelte ansatt har trygghet i arbeidsforholdet under omstillingsarbeidet
- ✓ avklare hvilke prosedyrer og prinsipp som skal gjelde i prosessperioden

# 2. Medbestemmelse og informasjon

## 2.1 Medbestemmelse og medinnflytelse

Arbeidstakerorganisasjonene sin medbestemmelse går fram av Hovedavtalen del B, § 3-1. Det skal være tillitsvalgte med i alle formelle fora som blir opprettet i forbindelse med prosess for kommunesammenslåing.

Medinnflytelse betyr at de ansatte skal involveres i sammenslåingsprosessen. De skal gis mulighet til å komme med forslag og delta i diskusjoner slik at valg og løsninger blir best mulig.

## 2.2 Informasjon

Ansatte skal gjennom hele omstillingsprosessen gis den informasjon som er nødvendig for å sikre et fullt forsvarlig arbeidsmiljø jf. Arbeidsmiljøloven §4-2 (3). Partene har et felles ansvar for å informere i sine respektive kanaler. Viser forøvrig til vedtatt kommunikasjonsstrategi for kommunesammenslåingen. (Linkes til kommunikasjonsstrategien)

## 2.3.Identifisering av ansatte som blir direkte berørt og har behov for spesiell informasjon.

Arbeidsgiver skal, i samråd med de tillitsvalgte, så tidlig som mulig i sammenslåingsprosessen, identifisere hvilke ansatte som vil bli berørt av omstillingen. Dette gjelder de ansatte i Forsand og

Sandnes kommuner som blir berørt av endringer i organisasjonsstruktur og/eller får vesentlige endringer i arbeidsoppgaver/stilling som følge av sammenslåing.

Når det foreligger konkrete endringsplaner, utarbeidet av arbeidsgiver og tillitsvalgte, skal arbeidsgiver informere de ansatte det gjelder om hvilke konsekvenser omstillingen kan få. Den enkelte leder(e) skal, sammen med HR/personal, gjennomføre samtaler med sine ansatte, der informasjon om prosessen samt muligheter og valg er tema. I disse møtene skal det tas opp om det er ansatte som har spesielle behov.

# 3. Virksomhetsoverdragelse/organisasjonsstruktur/overtallighet

## 3.1 Virksomhetsoverdragelse

Arbeidstakeres rettigheter ved virksomhetsoverdragelse i henhold til arbeidsmiljølovens kap. 16 legges til grunn ved sammenslåing av Forsand og Sandnes kommuner.

De «gamle» kommunene opphører og det etableres en ny felles kommune. Ved etableringen av den nye kommunen blir alle ansatte i de tidligere kommunene overført til den nye kommunen. Ingen ansatte blir sagt opp i forbindelse med kommunesammenslåing. I henhold til vedtatt prinsippdokument gis en garanti mot oppsigelse som følge av etablering av ny kommune i ytterligere 2 år etter etableringstidspunktet.

De ansatte beholder sine lønns- og arbeidsvilkår jf. aml §16-2.

## 3.2 Organisasjonsstruktur

Organisasjonsstrukturen til Sandnes kommune vil bli videreført og denne strukturen vil måtte justeres og tilpasses de oppgaver og tjenester som nye Sandnes kommune skal ivareta. Ved endringer i organisasjonsstruktur og stillinger, samt hvor omstilling medfører «dubletter» skal det utarbeides stillingsbeskrivelse med kompetansekrav til de enkelte stillingene. Disse skal være utgangspunktet for identifisering av eventuelle overtallige og innplassering i stillinger.

## 3.3 Fast ansatte som er midlertidig ansatt i annen avdeling

Ansatte som arbeider i en annen avdeling enn den han / hun til vanlig arbeider i, blir regnet med i den avdelingen han / hun opprinnelig er ansatt i.

## 3.4 Overtallighet

Straks organisasjonsstrukturen foreligger og det er kjent at en ansatt vil være definert som overtallig etter 1.1.2020, skal det gjennomføres en kartleggingssamtale med vedkommende. Formålet med kartleggingssamtalen er å identifisere annet egnet arbeid, basert på ansattes kompetanse og erfaring. Ansatt kan la seg bistå av en tillitsvalgt/bisitter ved gjennomføring av samtalen.

Alle overtallige skal sikres tilbud om annet arbeid i den nye kommunen.

## 3.5 Fortrinnsrett/rettskrav

Dersom en ledig stilling kan være «annet egnet arbeid» for flere overtallige, legges kompetanse og personlig egnethet til grunn. Ansiennitet er avgjørende under ellers like vilkår.

Når det gjelder topplederstillinger og lederstillinger innenfor administrasjon og ledelse følges ordinære rettskravs prinsipp.

### 3.6 Tjenesteansiennitet.

Det blir i omstillingsprosessen og i videre arbeidsforhold i den nye kommunen, benyttet den samlede tjenesteansiennitet ansatte har fra Forsand og Sandnes kommuner.

### 3.7 Nye stillinger

Det skal utarbeides stillingsbeskrivelse med kompetansekrav i de tilfeller ny organisasjonsstruktur inneholder stillinger som ikke eksisterer i dagens to kommuner.

### 3.8 Skifte av arbeidsplass

Ingen ansatte har i utgangspunktet krav på kompensasjon for å flytte arbeidssted. Ansatte som får betydelig økt arbeidsreise (reisetiden øker med minimum 40 minutter hver vei fra hjem til nytt arbeidssted) kan vurderes innvilget særskilt kompensasjon i en overgangsfase.

Særskilt kompensasjon tilpasses individuelt. Overgangsfasen er begrenset til utgangen av 2022.

### 3.9 Kompetansetiltak

Kompetansetiltak kan tilbys til ansatte som er definert som overtallig og som ved kompetanseheving kan tiltre annen stilling.

Aktuelle tiltak for kompetansebygging kan være:

- ✓ utvikling gjennom nye arbeidsoppgaver
- ✓ tilbud om faglig veiledning / oppfølging i arbeidet
- ✓ hospitering
- ✓ interne og eksterne kurs
- ✓ permisjon med hel eller delvis lønn for gjennomføring av utdanning ved ekstern utdanningsinstitusjon

## 4. Ansettelse av ledere / håndtering av ledige nøkkel-/lederstillinger

### 4.1 Behandling av ledige stillinger

De to kommunene skal ikke lyse ut ledige nøkkel-/lederstillinger i de to kommunene før ledige stillinger er drøftet med ansettelsesutvalget. Dette gjelder nøkkel-/lederstillinger innenfor administrasjon og ledelse, og innen ikke stedbundne tjenester i de øvrige tjenesteområdene/sektorene.

Ansettelsesutvalget skal vurdere om stillingene skal utlyses internt i de to kommunene eller eksternt. Utover dette følger ansettelsesmyndigheten av den enkelte kommunens delegeringsmyndighet. Alle nøkkel- /lederstillinger skal gjøres kjent i HR/personal i begge kommuner.

### 4.2 Ansettelse av ledere i nye Sandnes kommune

Fellesnemda ansetter ny rådmann, forutsatt delegert myndighet. Ny rådmann tilrettelegger for en prosess i tråd med lov- og avtaleverk for rekruttering av kommunens administrative toppledergruppe. Ansettelsesutvalget konsulteres i rekruttering av toppledere.

### 4.3 Midlertidige ansettelser

Den enkelte kommune kan, innenfor rammen av arbeidsmiljøloven, ansette midlertidig for en tidsperiode frem til 31.12.2019. Midlertidige avtaler som har varighet utover dette tidspunktet skal behandles i ansettelsesutvalget.

## 5. Konkurranseutsetting

Ingen nåværende arbeidsoppgaver skal settes ut til andre i prosessperioden.

## 6. Særavtaler

Alle særavtaler i de to kommunene kartlegges. Utløpstidpunkt må harmoniseres og nye felles avtaler inngås i god tid før 1.januar 2020

## 7. Avtalens virketid

Omstillingsavtalen gjelder for endringsprosessene i forbindelse med sammenslåingen av Forsand kommune og Sandnes kommune. Avtalen gjelder fra avtalen er vedtatt og ut prosessperioden tom 31.12.2019. Fra 1.1.2020 vil det foreligge ny omstillingsavtale for Nye Sandnes kommune.

FN 24/17
Fellesnemnd
16.11.17

**Vedtak om lovlegkontroll i sak 96/17 Forsand kommunestyre frå Fylkesmannen**

Sjå vedlegg til saka.

***Innstilling til vedtak:***
Saken blir tatt til orientering.

FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 30.10.2017
Vår ref.: 2017/11610
Arkivnr.: 323

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Forsand kommune
Fossanvegen 380
4110 Forsand

# Vedtak om lovlegkontroll – kommunestyret sitt vedtak av 25.10.2017 i sak 96/17 – oppmoding om ny behandling av spørsmål om kommunesamanslåing

**Fylkesmannen har motteke krav om lovlegkontroll frå fem kommunestyremedlemmer. Fylkesmannen har kome fram til at kommunestyret sitt vedtak er delvis ulovleg.**

Vi viser til krav om lovlegkontroll i brev av 27.10.2017 frå kommunestyremedlemmene Reidar Thu, Arne Maudal, Trond Haukelid, Udda Katrin Kjærvoll og Florian Schwenke.

Kravet gjeld kommunestyret sitt vedtak av 25.10.2017 i sak 96/17 som blei gjort med 9 mot 8 stemmer og som hadde slik ordlyd.

> *"1. Forsand kommunestyre ser på Stortingsvedtaket av 8. juni 2017 gjeldane samanslåinga mellom kommunane Forsand og Sandnes i Rogaland som ei tvangssamanslåing. Ordførar og mindretalet i Forsand si feiltolking av kommunelova hindra fleirtalet i kommunestyret å fatta vedtak mot ei samanslåing av nemnde kommunar i ekstraordinært kommunestyre den 6. juni 2017. Fylkesmannen i Rogaland har stadfesta at ordførar og mindretalet i det omtala kommunestyre møte handla lovstridig i forhold til kommunelova.*
>
> *2. Forsand kommunestyre ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Stortinget om å oppheva vedtaket frå Stortinget av 8. juni 2017, gjeldane samanslåing mellom kommunane Forsand og Sandnes.*
>
> *3. Forsand kommunestyre ber om at det blir ei samanslåing mellom kommunane Forsand og Strand, om dette framleis er ynskeleg og aktuelt for Strand kommune. Det er fram forhandla ein intensjonsavtale mellom kommunane Forsand og Strand som kan leggjast til grunn for ein samanslåingsprosess.*
>
> *4. Forsand kommune stansar alt politisk og administrativt arbeid med samanslåingsprosessen mellom kommunane Forsand og Sandnes til eit endeleg vedtak frå Stortinget, kva kommune Forsand skal slå seg saman med."*

Kravet om lovlegkontroll av 27.10.2017 hadde slik ordlyd:

> *"LOVLIGHETS KONTROLL AV KOMMUNESTYREVEDTAK I FORSAND.*
>
> *Under møte i kommunestyre 25. d.mnd. vedtok et flertall å fremme anmodning til Stortinget om å omgjøre sitt vedtak om sammenslåing av Sandnes og Forsand. Begrunnelsen fot vedtaket er at et medlem i kommunestyret, nærmere tre kvart år etter gitte frister hadde blitt usikker på om sin stemmegiving var rett da det ble skapt usikkerhet på om ferjeforbindelsen Oanes-Lauvik ville bli opprettholdt ved kommersiell drift. Da denne personen har skiftet mening mener det nye flertallet at Stortinget har sammenslått Sandnes-Forsand under tvang. Som kjent krevde det nye flertallet i et ekstraordinært kommunestyremøte å be Stortinget utsette behandlingen av sammenslåingen inntil det forelå avklaring om ferje kom til å gå i nevnte samband. Som kjent nektet et tilstrekkelig flertall i kommunestyret å ta saken opp til realitetsbehandling på grunn av manglende saksforberedelse. Dette vedtaket er underkjent av Fylkesmannen som ulovlig i medhold av Kommuneloven. Selv om denne feilen ble gjort var Stortinget meget klar over det som skjedde i Forsand to tre dager før vedtaksmøte i Stortinget. KRF, Sp og SV satte fram forslag om utsettelse som var i tråd med det nye flertallet sitt ønske, Utsettelsesforslaget ble avvist av Stortinget med et formidabelt flertall. Det ble lagt til grunn at Sandnes Fosand sammenslås ved frivillighet, basert på vedtak truffet i Sandnes bystyre og Forsand kommunestyre innen fastsatte frister i prosessen.*
>
> *Slik rettsstillingen er har Stortinget vedtatt at Sandnes og Forsand sammenslås til en kommune fra og med 01.01.2020. Det er igangsatt en betydelig prosess med forberedelse av sammenslåingen i medhold av delingsloven og dens forskrifter mellom kommunene. Det nye flertallet har truffet vedtak om at denne prosessen stoppes inntil Stortinget avgjør en eventuell reversering av sitt vedtak. Denne del av vedtaket mener undertegnede medlemmer av Forsand kommunestyre er ugyldig i forhold til Stortinget sitt vedtak som er gjeldene rett I medhold av delingsloven. Det kan ikke være slik at et marginalt flertall i Forsand overstyrer et Stortingsvedtak.*
>
> *Vi ber Fylkesmannen snarest gir sin uttale til den oppståtte situasjon."*

Ordførarane i Sandnes og Forsand har i e-postar av 27.10. 2017 bedt om at Fylkesmannen tar snarleg stilling til kravet om lovlegkontroll.

**Fylkesmannen si vurdering**

Etter kommunelova (koml.) § 59 nr. 1, jf. delegasjonsfullmakt av 23.12.92, kan tre eller fleire medlemmer av kommunestyret saman bringe avgjerd i folkevald organ inn for Fylkesmannen til kontroll av om avgjerda er gyldig. Ifølgje forskrift av 13.01.93 er fristen for å fremme klage tre veker. Fylkesmannen skal etter pkt. 4 ta stilling til følgande forhold:

"Ved lovlighetskontroll skal det tas stilling til om avgjørelsen
a. er innholdsmessig lovlig,
b. er truffet av noen som har myndighet til å treffe slik avgjørelse
c. er blitt til på lovlig måte.

Departementet skal oppheve avgjørelsen hvis det er gjort slike feil at den er ugyldig."

Forsand kommunestyre har i vedtaket i sak 96/17 bedt om at departementet og Stortinget vurderer vedtaket om kommunesamanslåing på ny. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er grunnlag for å ta ei slik oppmoding opp til lovlegkontroll.

Fylkesmannen vil likevel peike på at Stortinget sitt vedtak av 8.6.2017 om samanslåing av Forsand og Sandnes kommunar så langt er det endelege vedtaket i saka som kommunane må rette seg etter.

Sandnes bystyre og Forsand kommunestyre har valt medlemmer til fellesnemnda i vedtak av hhv. 12.12.2016 og 22.2.2017.

Sandnes bystyre og Forsand kommunestyre har vidare delegert mynde til fellesnemnda gjennom vedtak av reglement og saksbehandlingsreglement for fellesnemnda i vedtak av hhv. 29.5.2017 og 14.6.2017.

Fellesnemnda er etter dette lovleg etablert og vil etter inndelingslova § 26 siste ledd ha funksjonstid inntil det nye kommunestyret er etablert. Det er leiaren, i dette tilfellet ordføraren i Sandnes, som kallar inn til møte og set opp saksliste. Medlemmene av fellesnemnda har møteplikt med heimel i kommunelova § 40 nr. 1, jf. inndelingslova § 26 første ledd.

Rådmannen skal etter kommunelova § 23 nr. 2 sjå til at dei sakene som blir lagde fram for folkevalde organ, er forsvarleg utgreidd, og at vedtak blir iverksett. Denne plikta gjeld òg i høve til saksbehandlinga i fellesnemnda, jf. inndelingslova § 26 første ledd, men slik at kommunane kan finne praktiske løysingar seg imellom.

Fylkesmannen har ut frå ovanståande vurdering kome fram til at pkt. 4 i Forsand kommunestyre sitt vedtak i sak 96/17 er ugyldig pga. innhaldsmessige manglar. Kommunestyret kan ikkje einsidig utsetje arbeidet i fellesnemnda, så lenge nemnda er lovleg etablert. Kommunestyret kan heller ikkje instruere rådmannen til ikkje å utgreie saker som skal opp til behandling i fellesnemnda. Denne oppgåva følgjer direkte av kommunelova § 23 nr. 2, jf. inndelingslova § 26 første ledd og kan ikkje setjast til side av eitt kommunestyre.

Lovlegklager skal etter kommunelova 59 normalt leggast fram for det aktuelle folkevalde organet til ny behandling. Fylkesmannen kan vanskeleg sjå at ei ny behandling av saka i kommunestyret i dette tilfellet ville ha fått fram nye moment av betydning for saka. Det er vidare viktig at prosessen fram mot endeleg kommunesamanslåing ikkje blir forseinka, jf. Kommunal- og moderniserings-departementet sitt brev frå 30.6.2017. Fylkesmannen har på denne bakgrunn ikkje bedt kommunestyret om å ta stilling til lovlegklagen.

## Vedtak

**Kommunestyret sitt vedtak av 25.10.2017, sak 96/17 pkt. 4 blir oppheva som ugyldig, jf. kommunelova § 59.**

Dette vedtaket er endeleg og kan ikkje påklagast.

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Middelthon
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 09
E-post: fmrokmi@fylkesmannen.no

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sandnes kommune | | | |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 Dep. | 0032 | Oslo |
| Reidar Thu m.fl. | | | |

FN 25/17
Fellesnemnd
16.11.17

Oversending om vedtak kommunenamn m.v. Forsand og Sandnes kommunar frå Fylkesmannen

Sjå vedlegg til saka.

***Innstilling til vedtak:***
Saken blir tatt til orientering.

FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.: 17/3096-16

Vår dato: 30.10.2017
Vår ref.: 2017/7264
Arkivnr.: 311

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

# Oversending av vedtak om kommunenamn m.v. i samband med samanslåing av Forsand og Sandnes kommunar

**Fylkesmannen tilrår at den nye kommunen skal heite Sandnes og at kommunestyret skal ha 49 medlemmer.**

Vi viser til departementet sitt brev av 30.6.2017 og oversender vedtak frå Sandnes og Forsand kommunar om namn og antal kommunestyremedlemmer i den nye kommunen.

Vi viser til Sandnes bystyre sitt samrøystes vedtak av 16.10.2017 i sak 153/17 som hadde følgjande ordlyd:

> *"Bystyret stadfester følgende enighet på felles kommunestyremøte 29. august 2017 (drøftingsmøte):*
>
> *a) Navn på ny kommune Sandnes kommune.*
> *b) Antall medlemmer i det nye kommunestyre 49.*
> *c) Fellesnemnd med 5 medlemmer fra Forsand og 7 fra Sandnes, jf inndelingslova § 26.*
> *d) Partssammensatt utvalg bestående av fellesnemnd og tillitsvalgte."*

Forsand kommunestyre gjorde i møte 25.10.2017, sak 85/17, følgjande vedtak med 9 mot 8 røyster:

> *Saka blir utsett til Stortinget har gjort endeleg vedtak i saka om kommunereform, jfr interpellasjon 25.10.17 sak 96/17.*

Mindretalet stemte for rådmannen sitt framlegg som hadde slik ordyd:

> *Kommunestyret stadfestar følgjande semje på felles kommunestyremøte 29. august 2017 (drøftingsmøte):*

*a) Namn på ny kommune Sandnes kommune*
*b) Tal medlemmer i det nye kommunestyre 49.*
*c) Fellesnemnd med 5 medlemmer frå Forsand og 7 frå Sandnes, jf. inndelingslova §26.*
*d) Partssamansett utval består av fellesnemnd og tillitsvalte.*

Forsand kommunestyre gjorde same dag, i sak 96/17, følgjande vedtak:

*1. Forsand kommunestyre ser på Stortingsvedtaket av 8. juni 2017 gjeldane samanslåinga mellom kommunane Forsand og Sandnes i Rogaland som ei tvangssamanslåing. Ordførar og mindretalet i Forsand si feiltolking av kommunelova hindra fleirtalet i kommunestyret å fatta vedtak mot ei samanslåing av nemnde kommunar i ekstraordinært kommunestyre den 6. juni 2017. Fylkesmannen i Rogaland har stadfesta at ordførar og mindretalet i det omtala kommunestyre møte handla lovstridig i forhold til kommunelova.*
*(sjå vedlegg)*

*2. Forsand kommunestyre ber Kommunal- og moderniseringsdepartementet og Stortinget om å oppheva vedtaket frå Stortinget av 8. juni 2017, gjeldane samanslåing mellom kommunane Forsand og Sandnes.*

*3. Forsand kommunestyre ber om at det blir ei samanslåing mellom kommunane Forsand og Strand, om dette framleis er ynskeleg og aktuelt for Strand kommune. Det er fram forhandla ein intensjonsavtale mellom kommunane Forsand og Strand som kan leggjast til grunn for ein samanslåingsprosess.*

*4. Forsand kommune stansar alt politisk og administrativt arbeid med samanslåingsprosessen mellom kommunane Forsand og Sandnes til eit endeleg vedtak frå Stortinget, kva kommune Forsand skal slå seg saman med.*

**Fylkesmannen si vurdering**

Fylkesmannen vil vise til Stortinget sitt endelege vedtak om samanslåing av Forsand og Sandnes kommune av 8.6.2017. Det har under prosessen ikkje kome fram alternative forslag til namn på kommunen eller antal kommunestyremedlemmer. Fylkesmannen vil på bakgrunn av samrøystes vedtak i Sandnes kommune og mindretalet si avrøysting i Forsand kommune, tilrå at namnet på den nye kommunen blir Sandnes kommune og at det nye kommunestyret skal ha 49 medlemmer, jf. inndelingslova § 17 første ledd.

Fylkesmannen gjer departementet merksam på at både Forsand og Sandnes kommune har valt medlemmer til fellesnemnda, og kommunane har vedtatt reglement for fellesnemnda si verksemd.

Fylkesmannen har motteke lovlegklage på kommunen sitt vedtak av 25.10.2017, sak 96/17. Departementet vil få kopi av Fylkesmannen sitt vedtak i saka.

Fylkesmannen er gjort kjent med at Forsand kommune har teke opp sak om ei ny utgreiing av spørsmålet om kommunesamanslåing, direkte med departementet.

**Fylkesmannen si tilråding**

**Fylkesmannen tilrår at namnet på den nye kommunen blir Sandnes kommune og at det nye kommunestyret skal ha 49 medlemmer, jf. inndelingslova § 17 første ledd.**

Med helsing

Magnhild Meltveit Kleppa
fylkesmann

Lone Merethe Solheim
avdelingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Middelthon
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 09
E-post: fmrokmi@fylkesmannen.no

Vedlegg:
Protokoll frå møte i Sandnes kommunestyre 16.10.2017
Protokoll frå Forsand kommunestyre 25.10.2017
Protokoll frå felles kommunestyremøte 29.8.2017
Fylkesmannen sin lovlegkontroll av

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sandnes kommune | Postboks 583 | 4305 | Sandnes |
| Forsand kommune | Fossanvegen 380 | 4110 | Forsand |

FN 26/17
Fellesnemnd
16.11.17

Utgreiing av justering av kommunegrensa Strand og Forsand kommunar frå Fylkesmannen

Sjå vedlegg til saka.

***Innstilling til vedtak:***
Saken blir tatt til orientering.

FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 31.10.2017
Vår ref.: 2017/3580
Arkivnr.: 311

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00
F: 51 52 03 00
E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Forsand kommune
Fossanvegen 380
4110 Forsand

## Utgreiing av justering av kommunegrensa mellom Strand og Forsand kommunar

Fylkesmannen viser til søknad av 16.3.2017 frå Fridtjov T. Nordland om grensejustering med heimel i inndelingslova § 8. Søknaden gjeld overføring av ein del av Forsand kommune på nordsida av Lysefjorden til Strand kommune. Søknaden vart medunderskriven av eit stort antal innbyggjarar i det aktuelle området.

Fylkesmannen underretta søkjaren i brev av 22.3.2017 om at saka blei utsett i påvente av Stortinget si behandling av kommunereforma 8. 6.2017.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet skriv i brev av 10.10.2017 følgjande:

> *"Departementet ber med dette fylkesmannen om så raskt som mulig å utrede konsekvensene av en grensejustering mellom Forsand og Strand kommuner som omfatter områdene omtalt i innbyggerinitiativet. Fylkesmannen kan i tillegg utrede større eller mindre grensejusteringer i det omtalte området. Fylkesmannens tilråding skal fremgå av oversendelsen til departementet.*
>
> *Det må legges til rette for at Forsand og Strand kommuner skal få uttale seg før saken oversendes departementet til endelig uttalelse. Kommunestyrene bør innhente innbyggernes synspunkter på saken.*
>
> *Forsand skal slå seg saman med Sandnes kommune fra 1. januar 2020. Departementet ser det som hensiktsmessig at en eventuell grensejustering gjennomføres på samme tidspunkt som sammenslåingen. Det er derfor ønske om en tidlig avklaring av dette spørsmålet.*

### Den vidare prosessen

Fylkesmannen har som nemnt ovanfor ansvaret for å innhente dei viktigaste nøkkeldata for det området søknaden gjeld.

Fylkesmannen vil utarbeide eit faktagrunnlag som skal leggast til grunn for tilrådinga vår til departementet. Det går fram av inndelingslova § 9 at kommunale, fylkeskommunale og statlege forvaltningsorgan skal gi nødvendige opplysningar og i rimeleg utstrekning medverke i saksførebuinga, etter oppmoding frå den som gjer utgreiinga.

Fylkesmannen legg til grunn at Forsand kommune har god kunnskap om den delen av kommunen som søknaden gjeld. Vi ber på denne bakgrunn om at kommunen gir opplysningar om følgjande forhold når det gjeld det arealet søknaden omfattar:

Folketal, areal, geografi, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet, samt andre forhold som kan ha interesse for avgjerda.

**Fylkesmannen ber om at Forsand kommune utarbeider eit faktagrunnlag som nemnt ovanfor så snart som råd og seinast innan 31. januar 2018.**

Når det ligg føre eit faktagrunnlag, bør innbyggjarane i det aktuelle området høyrast i samsvar med inndelingslova § 10. Dette kjem vi tilbake til.

Forsand, Strand og Sandnes kommunar vil få høve til å uttale seg til søknaden når nødvendig faktagrunnlag er utarbeidd.

Kommunane og søkjarane vil kunne ta kontakt med Fylkesmannen for meir informasjon.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Magnhild Meltveit Kleppa<br>fylkesmann | Lone Merethe Solheim<br>avdelingsdirektør |

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Knut Middelthon
Saksbehandlar telefon: 51 56 88 09
E-post: fmrokmi@fylkesmannen.no

Vedlegg:

Søknad om grensejustering frå Fridtjov Thorsen Norland m. fl..
Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet 10.10.2017

Kopi til:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Fridtjov Thorsen Norland | Kolabygdvegen 572 | 4110 | FORSAND |
| Strand kommune | Postboks 115 | 4126 | Jørpeland |
| Kommunal- og moderniseringsdepartementet | Postboks 8112 Dep. | 0032 | Oslo |
| Sandnes kommune | Postboks 583 | 4305 | Sandnes |

DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Rogaland
Postboks 59
4001 STAVANGER

| Deres ref | Vår ref | Dato |
|---|---|---|
| | 17/1212-67 | 10. oktober 2017 |

# Utredning av grensejustering

Vi viser til deres brev 12. juni 2017 om videre arbeid med grenseendringer. Kommunal- og moderniseringsdepartementet gir med dette en samlet tilbakemelding på de aktuelle grensejusteringene som fylkesmannen omtaler i sitt brev.

**Forsand og Strand kommuner**
Fylkesmannen oversendte et innbyggerinitiativ om grensejustering mellom Forsand og Strand kommuner. Fylkesmannen skriver at endringen er omfattende, og at det er grunn til å tro at kommunene ikke er enig i forslaget. Fylkesmannen ber departementet avgjøre om saken skal utredes.

Departementet ber med dette fylkesmannen om så raskt som mulig å utrede konsekvensene av en grensejustering mellom Forsand og Strand kommuner som omfatter områdene omtalt i innbyggerinitiativet. Fylkesmannen kan i tillegg utrede større eller mindre grensejusteringer i det omtalte området. Fylkesmannens tilrådning skal fremgå av oversendelsen til departementet.

Det må legges til rette for at Forsand og Strand kommuner skal få uttale seg før saken oversendes departementet for endelig avgjørelse. Kommunestyrene bør innhente innbyggernes synspunkter på saken

Forsand skal slå seg sammen med Sandnes kommune fra 1. januar 2020. Departementet ser det som hensiktsmessig at en eventuell grensejustering gjennomføres på samme tidspunkt som sammenslåingen. Det er derfor ønske om en tidlig avklaring av dette spørsmålet.


| Postadresse | Kontoradresse | Telefon* | Avdeling | Saksbehandler |
|---|---|---|---|---|
| Postboks 8112 Dep | Akersg. 59 | 22 24 90 90 | | Ina Kathrine Ruud |
| 0032 Oslo | | Org no. | | 22 24 68 68 |
| postmottak@kmd.dep.no | www.kmd.dep.no | 972 417 858 | | |

**Om arbeidet med utredningen**
Utredningen skal gi opplysninger om relevante forhold som folketall, areal, geografi, kommunikasjonsforhold, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tjenestetilbudet. Kommunene og andre offentlige etater forutsettes raskt å fremskaffe det relevante informasjonsgrunnlaget, på fylkesmannens anmodning, jf. inndelingsloven § 9.

Dersom fylkesmannen anbefaler en grensejustering, skal et klart og entydig forslag til ny kommunegrense foreslås overfor departementet. Statens kartverk bør konsulteres om utformingen av forslaget til ny grense.

Departementet legger til grunn at Fylkesmannen i Rogaland dekker utgiftene til utredningene, jf. inndelingsloven § 11.

**Øvrige saker**
I brevet 12. juni omtalte fylkesmannen ytterligere to innbyggerinitiativ som omfatter hhv. Stavanger/Sandnes (AS Flintegt. 2/4) og Sola/Stavanger (gnr. 16 bnr.7) kommuner. Fylkesmannen har lagt disse sakene i bero i påvente av kommunereformen, og har ikke tatt kontakt med kommunene det gjelder, og kommer derfor ikke med en anbefaling. Fylkesmannen bes håndtere disse videre i tråd med inndelingsloven.

Fylkesmannen viser også til sin tilrådning av 27.09.16, der fylkesmannen anbefaler at det settes i gang utredning av grensen mellom Sokndal (Rogaland) og Flekkefjord (Vest-Agder) kommuner. I sin tilrådning skriver fylkesmanenn at "*dette er særleg aktuelt om det blir ny kommunestruktur i Dalane. Det vil då vere logisk at heile bygda blir overført til Flekkefjord. Rådet vårt er at dette spørsmålet blir greidd ut etter reglane i inndelingslova når spørsmålet om kommunestruktur er endeleg avklart i Stortinget.*" Da det ikke er vedtatt kommunesammenslåing i det aktuelle området, og det ikke har kommet initiativ fra innbyggere eller kommunene om grensejustering, vil departementet på nåværende tidspunkt ikke sette i gang en slik utredning.

Med hilsen

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Ina Kathrine Ruud
fagdirektør

*Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer*

MOTTATT TIL
JOURNALFØRING
16 MARS 2017
FYLKESMANNEN I ROGALAND

**Til Fylkesmannen i Rogaland**

17/3580

# Søknad om grenseendring

Me viser til dei rettane innbyggjarar og grunneigarar har etter § 8 i Inndelingslova.

**Søknaden gjeld:**
Alle som har skrive under på denne søknaden, bur, har eigedom eller verksemd i området som er teikna inn på vedlagt kart. **Det er dette området me ynskjer å få delt ifrå Nye Sandnes kommune og lagt til Strand kommune.**

**Bakgrunn:**
Me meiner det er heilt unaturleg for oss å bli ein del av Sandnes kommune, så lenge me ligg tett opp til Strand kommune. Det var grunnen til at me i desember 2016 gjennomførte eit innbyggjarinitiativ, kor me bad om ei folkerøysting i krinsen om dette spørsmålet. Me fekk på kort tid brei oppslutning blant folk, og samla over 60 underskrifter. Det same fleirtalet på ni i kommunestyret, som stemde for å gå til Sandnes, stemde også imot å gjennomføra den røystinga innbyggjarar i vår krins bad om. Difor går me nå vidare med denne saka, og brukar dei rettane som Inndelingslova gir oss. Denne gongen er det samla underskrifter frå grunneigarar og verksemder i området. Me finn det og naturleg å ta med den fråflytta garden Hengjane, gnr.11, sidan dei berre kan nå eigedommen sin frå Strand kommune. Elles har me underskrifter frå grunneigarar innan dei fleste gardsnummer i området. (NB ikkje alle bruksnr.!)

**Grunngjeving:**
I dei 35 åra som gjekk frå vegen mellom Jørpeland og Oanes opna i 1962, og fram til Lysefjordbrua kom i 1997, hadde grendene på nordsida av Lysefjorden mykje nærare kontakt med Strand på alle plan, enn resten av Forsand. Denne kontakten har ikkje blitt mindre etter bru og ny veg over Botsheia kom.

Me har i dag eit breidt samarbeid med Strand, og det er dette me finn det naturleg å byggja vidare på i ein felles kommune.

Me nemner –
- felles handels-, arbeids- og buområde
- felles politidistrikt
- felles kyrkjesokn
- felles lokalavis
- felles arena for kulturtilbod og kulturformidling

- felles legevakt fram til 2016. Ei legevakt som fungerte godt for oss på vår side av fjorden. Ei legevakt saman med Sandnes fører til mykje lengre reisetid.
- felles tannlegeteneste når den i framtida blir lagd til kommunane.

**Konklusjon:**
Ved å gå inn i Strand vil folk i vårt område få mykje kortare veg til kommunesenteret og dei kommunale tenestene.

Stortinget har i vedtak gjort 12. juni 2012, og knytt til bygginga av fastlandssambandet Ryfast, sagt at ferjedrifta på Høgsfjorden skal leggjast ned. Viss det skjer, vil folk i Forsand måtta reisa gjennom to andre kommunar, for å koma til sitt eige kommunesenter. Det finn me både unødvendig og unaturleg, så lenge me ligg tett opp til ein vel fungerande nabokommune i Ryfylke.

Me vil vera ein del av Ryfylke i framtida, og i ein distriktskommune har me felles interesser og utfordringar. Her vil me lettare få innflytelse politisk og vera med å forma framtida for lokalsamfunnet vårt.

Norland 15. mars 2017

Kontaktperson:
Fridtjov Thorsen Norland
Kolabygdvegen 572,
4110 Forsand

e-post: t-norlan@frisurf.no

Fridtjov T. Norland

Til Fylkesmannen i Rogaland

Søknad om grenseendring

Me viser til dei rettane innbyggjarar og grunneigarar har
etter § 8 i Inndelingslova.
Alle som har skrive under på denne søknaden bur eller har eigedom i området
som er teikna inn på vedlagt kart. Det er dette området me ynskjer å få delt ifrå
Nye Sandnes kommune og lagt til Strand kommune.

Eli Helena Stein, for Stein Mek. Verksted A/s g.nr. 3, b.nr. 2, feste nr. 1
John Inge Stein, G.nr. 3, Br. nr. 2, Stein Mek.
Bjørn Stein — " —

Vidar Berge Gnr. 1 br. nr. 1
Arnhild Sørskår Gnr 2 br nr 1
Trond Kjetil Sørskår Gnr 2 br nr 1
Fridtjov T. Noland g.nr. 3, b.nr. 1 og 3
Geir Inge Heggland gnr 6 bnr 1
Sonja V. Heggland gnr 6 bnr 9
Jan Skjævik gnr 6 B 2
Solfrid Erevik gnr 7 B 6
Arnhild Erevik gnr 7 B 5
Olaf Olav Erevik gnr. 8 B. 1-3
Signe Erevik gn. 8, bn. 1-3
Gunnar Erevik gnr. 7. Bnr. 6
Egil Byberg gnr 7 Bnr 5 og 11
Haakon Haaland Hengjane gnr 11 BRU 3
Roy Harald Ofteдal Hengjane grn 11 Bru 3
Inger Marie Johannessen Lysefjordsenteret

Til Fylkesmannen i Rogaland

Søknad om grenseendring

Me viser til dei rettane innbyggjarar og grunneigarar har
etter § 8 i Inndelingslova.
Alle som har skrive under på denne søknaden bur eller har eigedom i området
som er teikna inn på vedlagt kart. Det er dette området me ynskjer å få delt ifrå
Nye Sandnes kommune og lagt til Strand kommune.

May H. Lerang
Olav Lerang Gnr. 6 Bnr. 3

Kjersti E. Høllesli Gnr. 10 Bnr. 1

Odd Fossan Gnr. 8 Bnr. 2
Torunn Fossan Gnr. 8 Bnr. 2

Trond Meling Gnr. 4 Bnr. 3
Tora Landa Meling Gnr 4 Bnr. 3

Reinert Lerang Lerang Sagbruk

Fire ~~Fre~~ e-postar er lagde ved og gjeld:

1. Torfinn Hauan, gnr. 5 og bruknr. 3
2. Kåre Brekke, gnr. 5 og bnr. 1
3. Ådne Meling, gnr. 4 og bnr. 4
4. Eilin Erevik, gnr. 7 og bnr. 1

Torfinn Havn
Deling av Forsand kommune
15. mar. 2017, 20.25.15
trond.meling@gmail.com

Hei

Som eier av gård nr. 5 bruk nr. 3 i Forsand kommune, har jeg lagt merke til initiativet som er tatt om å dele Forsand kommune i to. Dette initiativet er tatt etter at kommunestyrene bestemte å fusjonere Forsand og Sandnes.

Jeg kan ikke forstå hvorfor Forsand og Sandnes skal bli en kommune. Og jeg kan ikke se hva innbyggerne i Forsand vil kunne oppnå, eller hva Sandnes kan bidra med. At fusjonen er ok for Sandnes med sine 70 000 innbyggere, er greit nok. Men at beboerne i Forsand i framtida vil glede seg over å tilhøre Sandes, det er rein ønsketenkning. Uten å kjenne til historien, har jeg mistanke om at noen i ledelsen i Forsand kommune ble fornærmet på noen i ledelsen i Strand kommune på grunn av ordning med legevakt og dermed vendte seg mot Sandnes. Men langsiktighet i Norges kommune-planlegging kan ikke baseres på at noen politikere ikke liker hverandre i en kortvarig periode.

Dersom de som bor på Forsand sør for Lysefjorden absolutt vil til Sandnes, er det et godt initiativ å dele kommunen i to, slik at de som bor på nordsida kan bli fusjonert med Strand kommune. Å slå seg sammen med Strand kommune, vil være langt enklere, mer forutsigbart og en mye bedre ordning for innbyggerne. Folk i Strand og Forsand kjenner hverandres utfordringer langt bedre enn i folk i Forsand og Sandnes. En slik fusjon med Strand vil være langt mer sømløs for å bruke et moderne ord, enn en fusjon mellom Forsand og Sandnes. Det er vanskelig å spå, men at Forsandbuen vil måtte akseptere vedtak og løsninger vedtatt i Sandnes, som kan føre til et konfliktnivå innbyggerne i Forsand aldri har drømt om, er ikke til å unngå. Og dette er ikke rett, verken mot innbyggerne i Forsand eller i Sandnes.

Torfinn Havn

Kåre Brekke
Løsrivelse fra Forsand
15. mar. 2017, 19.59.47
trond.meling@gmail.com

Som grunneier av gårdsnummer 5, bruksnummer 1 . Brekkeveien 27 på Meling støtter jeg iniativet for løsrivelse fra Forsand og inn i Strand kommune.

Kåre Brekke

3

**Tora Liv**

**Fra:** Trond Meling [trond.meling@gmail.com]
**Sendt:** 16. mars 2017 07:33
**Til:** t-norlan@frisurf.no
**Kopi:** Tora Liv
**Emne:** Fwd: SV: Søknad om grenseendring

Mvh. Trond

Videresendt melding:

> **Fra:** Aadne Meling <Aadne@front.as>
> **Dato:** 16. mars 2017 kl. 07.21.07 CET
> **Til:** 'Mvh Trond' <trond.meling@gmail.com>
> **Emne: SV: Søknad om grenseendring**
>
> Hei.
>
> Jeg støtter forslag om grenseendring der min eiendom blir fradelt i fra Nye Sandnes Kommune og lagt til Strand kommune
>
> Mvh
> Aadne Meling – eig gardnr. 4 og bruksnr. 4

4

Gmail

M

Innboks (5)
Med stjerne
Viktig
Utkast
Kretser
Jakt kolabygda
Geir Inge +

Fwd: Innboks x

Egil Byberg <info@bybergteknikk.no>
til meg

norsk walisisk Oversett e-posten

------- Videresendt melding -------
Fra: "Eilin Erevik" <eilin.erevik@gmail.com>
Til: "Egil Byberg" <info@bybergteknikk.no>
Cc:

Dato: Tue, 14 Mar 2017 20:38:22 +0100

Jeg er eier av gården med gårdsnummer 7, bruksnummer 1. Jeg støtter forslage

Vennlig hilsen,
Eilin Erevik

--
Sendt med Operas e-postklient: http://www.opera.com/mail/

0,62 GB ( 4 %) av 15 GB er brukt

Finn noen





g
Botne
STRAND
FORSAND
Hesten
ergsvig
GRENSE
NATURRESARVAT
Kolabygda
Hølleslí
Erevika
Levik
Oanes


Preikestolhytta
Revsvatnet
STRAND
FORSAND
Preikestolen
Holtatjørna
Hamnen
Øvreidane
Nedreidane



NATURRESARVAT
FORSAND
fjellet
Brattliknuten
Bratteli
Sor
Lysefjorden

# Møteprotokoll fra felles kommunestyremøte for Forsand og Sandnes

**Møtedato:** Tysdag 29. august 2017
**Møtestad:** Lysefjordsenteret
**Møtetid:** 15.00 – 17.00

**Dagsorden**

1) Innleiing ved fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa.

2) Konstituering/val av møteleiar

3) Innlegg ved ordførarane i Sandnes og Forsand

4) Gjennomgang av kommunane sine vedtak i samband med kommunesamanslåinga og krava til drøftingar etter inndelingslova § 25:
   a. Forslag til namn på den nye kommunen.
   b. Talet på medlemmar i det nye kommunestyret.
   c. Kriterium for samansetjing og funksjonar til fellesnemnda, jf. inndelingslova § 26.
   d. Val av revisor for verksemda i fellesnemnda.
   e. Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga.

**1. Innleiing og konstituering av møtet**

Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa opna møtet.

Fylkesmannen gjorde greie for Stortingets vedtak nr. 798 av 8. juni 2017.
Fylkesmannen presiserte at møtet er eit drøftingsmøte.

Ordførarane heldt namneopprop for sine kommunar:

| **Forsand kommunestyre** | |
|---|---|
| **Til stades** | **H:**<br>Bjarte Sveinsvoll Dagestad<br>Arne Maudal<br>Trond Haukelid<br><br>**SP:**<br>Tore Hans Mikkelson<br>Tora Liv Thorsen<br><br>**KRF:**<br>Ole Tom Guse<br>Morten Kristian Oaland<br>Torstein Haukalid |

| | |
|---|---|
| | Guro Heggemsnes Fløysvik<br><br>**Samlingslista:**<br>Kåre Oaland<br>Reidar Thu<br>Gunleif Haukelid<br><br>**AP:**<br>Roar Larsen<br>Silje Wiik<br><br>**Bygdalista:**<br>Udda Katrin Kjærvoll<br>Kjersti Helen Seldal Nordnes<br><br>**Uavhengig:**<br>Paul Løland |
| **Sandnes kommunestyre** | |
| **Til stades** | **AP:**<br>Stanley Wirak<br>Annelin Tangen<br>Rønnaug Wereide Hansen (møtte for Julia Wong)<br>Arne Buchholdt Espedal<br>Arne Oftedal<br>Anders S. Løvik<br>Anne Gravdal<br>Elin Synnøve Andersen<br>Svein Tore Biland (møtte for Karen Irene Stangeland)<br>Ingrid Skåtun<br>Hamidullah Amiri<br>Nina Lura (møtte for Snorre Erichsen Skjevrak)<br>Karine Aspøy-Jensen<br>Vidar Bringeland Sørensen<br>Cecilia Lindbåge Karlsen<br>Terje Lunde<br>Ragnvald Erga<br><br>**FRP:**<br>Pål Morten Borgli<br>Inger-Lise Erga<br>Tore Andreas Haaland<br>Jorunn Bertelsen Kvalbein (møtte for Mangor Malmin)<br>Henny M. Mauritzen<br>Tore Martinsen<br>Kristoffer H. Nagell-Dahl<br>Pål Andor Østvold<br>Wenche E. Meinich-Bache<br>Kristoffer Birkedal<br>Glenn Torkelsen |

| | |
|---|---|
| | **H:**<br>Thor Magne Seland<br>Kenny E. Rettore<br>Martine Andrea Aarskog Borthen<br>Solgull Ingrid Klette<br>Magne T. Frøyland<br>Sveinung Skjørestad<br>Leiv Rune Mjølsnes<br>Guttorm Stangeland (møtte for Ragnvald Nilsen)<br><br>**KRF:**<br>Oddny Helen Turøy<br>Signe J. Nijkamp<br>Trond Niemi<br>Bjørg Riska Josefsen<br>Ståle Espevik<br><br>**SP:**<br>Katrine Sægrov (møtte for Sofie Margrethe Selvikvåg)<br>Martin S. Håland<br><br>**V:**<br>Tove Frantzen<br>Kjell Haavard Thrane Høie<br><br>**SV:**<br>Heidi Bjerga<br><br>**MDG:**<br>Cathrine Fuglestad (møtte for Erlend Kristensen)<br><br>**Uavhengig:**<br>Pål Andor Østvold<br><br>Følgende medlemmer var ikke til stede:<br>Faruk Brahimi (AP) og Glenn Øgreid (FRP) |

**2 . Konstituering/val av møteleiar**
Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa blei vald til møteleiar.
Fagdirektør Knut Middelthon hos Fylkesmannen blei godkjent som protokollførar.

**3. Innlegg ved ordførarane i Sandnes og Forsand**
Kvar ordførar hadde eit innlegg kor dei m.a. orienterte kort om samanslåingsprosessen i sin kommune.

4) **Drøftingar i samsvar med inndelingslova § 25:**

a. **Forslag til namn på den nye kommunen:** Ordførarane foreslo Sandnes som namn på den nye kommunen i samsvar med prinsippdokument som var grunnlaget for kommunane si behandling av kommunereforma i juni 2016.

   Ole Tom Guse frå Forsand kommune las opp eit forslag til protokolltilførsel på vegne av fleirtalet i kommunestyret, som omhandla den politiske situasjonen i Forsand. Møteleiar avviste å ta forslaget inn i protokollen, då det ikkje hadde relevans for dei aktuelle drøftingstema.

   Det blei ikkje framsett alternative forslag til namneval.

b. **Talet på medlemmar i det nye kommunestyret:** Ordførarane føreslo at talet på kommunestyremedlemmar skulle vere 49, i samsvar med prinsippdokumentet som var lagt til grunn for kommunane si behandling av kommunereforma.

c. **Kriterium for samansetjing og funksjonar til fellesnemnda, jf. inndelingslova § 26:** Fellesnemnda har 12 medlemmar, 5 frå Forsand og 7 frå Sandnes.
   Det er vedtatt reglement for fellesnemnda. Begge kommunane har vald medlemmar til fellesnemnda.

d. **Val av revisor for verksemda i fellesnemnda:** Ordførarane opplyste at sak om dette blir tatt opp av Sandnes bystyre 18. september og av Forsand kommunestyre 20. september.

e. **Oppretting av eventuelle andre fellesorgan for å sikre gjennomføringa av samanslåinga:** Det skal opprettast eit partssamansett utval, (Fellesnemnd + tillitsvalde).

Fylkesmann Magnhild Meltveit Kleppa oppsummerte møtet og ba kommunane ta opp i sine kommunestyre om dei ville treffe meir konkrete vedtak ut over det som går fram av sjølve prinsippdokumentet.

Thor Magne Seland frå Sandnes bystyre fekk ordet. Han meinte at det går tydeleg fram av bystyret sitt vedtak om kommunereforma i møte 20.6.2016 at Sandnes kommune har godkjent innhaldet i prinsippdokumentet. Vedtaket har i pkt. 3 følgjande ordlyd:

"Bystyret stiller seg positiv til å etablere en ny kommune med Forsand, dersom flertallet i folket i Forsand ønsker det, fra 01.01.2020. Dette skal baseres på fremforhandlet prinsippdokument. Det er ikke aktuelt for bystyret å reforhandle prinsippdokumentet."

Ordførar Stanley Wirak bekrefta at Sandnes kommune har gjort vedtak basert på prinsippdokumentet, der det går fram at namnet på den nye kommunen skal vere Sandnes og at det skal vere 49 representantar i kommunestyret. Det som gjenstår er å oppnemne revisor. Begge kommunane har foretatt val av medlemmar til fellesnemnda.
Orføraren peikte vidare på at Stortinget har bestemt at *Forsand kommune og Sandnes kommune slås sammen senest fra 1. januar 2020.* I Stortingsproposisjonen er det lagt til grunn at gjensidige vedtak om samanslåing er fatta i dei to kommunane.

Bjarte Sveinsvoll Dagestad

Stanley Wirak

Magnhild Meltveit Kleppa